

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

18. søndag i treeiningstida – 27.september 2015

Preiketekst: Matt 8,5-13.

Lesetekst I: 1 Kong 8,41-43

Lesetekst II: Rom 15,25-33

Jødar, heidningar og Gudsriket

Teksten og kyrkjeåret

I tekstboka som kyrkja hadde fram til 1977 var dette preiketekst for første tekstrekke på 3.søndag etter Kristi openberringsdag. I tekstboka fram til 2011 var den ikkje ordinær preiketekst, men hadde plass som tilleggstekst same søndagen. No er den altså flytta frå openberringstida til hausten – til søndagen etter den store 'oppstodesøndagen'.

Hovudsikte i teksten

Både ut frå teksten si plassering i Matteusevangeliet og ut frå teksten si tidlegare plassering i openberringstida, er det naturleg å tenke at den skal fortelje noko om Jesus og kven han er. I 4,17 fortel Matteus at Jesus tok til med å forkynna: «Vend om, for himmelriket er kome nær», og han kallar dei første læresveinane. I dei neste kapitla høyrer vi Jesu store tale om gudsrikelivet, bergpreika. Så held Matteus fram med å vise at dette var meir enn ord, og fortel om dei kraftige gjerningane Jesus gjorde – slik han skisserer det i 4,23: «Sidan fór Jesus omkring i heile Galilea; han underviste i synagogane deira, forkynte evangeliet om riket og lækte all sjukdom og plage hos folket.»

Men denne teksten har meir enn fokus på kven Jesus er. Offiseren som bed om hjelp for tenesteguten, er ikkje jøde. Det reiser spørsmålet: Kva rolle har Jesus ovafor ikkje-jødar? Og kva plass har ikkje-jødar i gudsrikegåvene? Offiseren får også ros frå Jesus for si store tru. Kva er det som gjer dette til så stor tru? Er det avgjerande å ha stor tru for å få del i gudsrikegåvene? Til sist høyrer vi det kan hende at dei som høyrer til Guds utvalde folk, til sist kan bli ståande utafør det fullenda gudsriket, mens det i staden er fylt med menneske frå alle andre folkeslag i verda. Då blir spørsmålet: Kva seier dette om tilhøvet mellom Guds rike, det jødiske folket og heidningefolka?

Tegn, under og Guds rike

Jesus sjølv sa tydeleg at dei under og mektige gjerningane han gjorde, var tegn som fortalde at han kom med Guds rike. Frå leseputen i synagoga i Nasaret las han frå profeten Jesaia (Luk 4,18): «Herrens Ande er over meg, for han har salva meg til å forkynna ein god bodskap for fattige. Han har sendt meg for å ropa ut at fangar skal få fridom og at blinde skal få sjå, for å setja undertrykte fri.» Og så heldt han fram med å seie – v.21: «I dag vart dette skriftordet oppfylt medan de høyrde på.» Og då han hadde helbreda ein mann som var plaga av ei vond ånd og var både blind og stum, og dei klaga han for å gjere det i kraft av Beelsebul, svara han (Matt 12,28): «Men er det ved Guds Ande eg driv ut dei vonde åndene, ja, då har Guds rike nådd fram til dykk.»

Dobbel bodskap

Ved dette har Jesus ein dobbel bodskap: Guds rike er eit rike – ei verd – med sigrar over dei livsøydeleggande kreftene i denne verda. Det er eit rike som ikkje berre er draum eller fantasi – det er på verkeleg. Dei såg det – dei opplevde det. Den andre sida ved teikna var vitnemålet dei ga til Jesus: At det er Han som kjem med Guds rike til oss. Det er han som ved sitt ord gjev oss Guds rike. Dette er den viktige bodskapen til Matteus. Og Johannes fortel at då folket spurde om han var Messias, svara han (Joh 10,25): «Eg har sagt det til dykk, men de trur meg ikkje. Dei gjerningane eg gjer i namnet til Far min, vitnar om meg.»

Det må vere ei viktig oppgåve for oss også i dag å formidle denne bodskapen.

Guds rike og trua

Offiseren i Kapernaum blir rosa av Jesus for si tru. Trua hans viser seg ved at han er overtydd om at det er heilt og fullt i Jesu makt å gjere tenesteguten hans frisk. Han er sikker på at det berre er for Jesus å seie eit ord, så vil det skje – på akkurat same vis som når han gjev ein ordre, og ordren blir utført – eller han sjølv utfører ordre han har fått frå høgare hald. Og han får rett. Guten vart frisk i same stund som Jesus sa det. Han fekk oppleve at Guds rike kom til dei.

Spørsmålet om sterk og svak tru er eit vanskeleg spørsmål for mange. Det Jesus seier om offiseren si tru, kan nære den oppfatninga at det berre er ved å ha ei sterk tru at vi kan oppleve Jesu gudsrikenærvær hos oss. Då er det viktig å bli minna på ting som hende sjølv om trua var så svak at Jesus klaga over læresveinane: Etter Matteus si framstilling hende det like etterpå, då Jesus tok dei med over til andre sida av sjøen. Det bles opp til uver, og læresveinane trudde det ville gå gale. Då sa Jesus til dei (Matt 8,26): «Kvifor er de så redde - de lite truande!» Men den svake trua var ikkje til hinder for at Jesus reiste seg og truga vinden så det vart stille. Og då Jesus sa til ein far med ein gut med ei vond ånd: «Om eg kan? Alt er mogleg for den som trur.» - då svara faren (Mark 9,24): «Eg trur, hjelp mi vantru!» Og guten vart fri.

Å tru på Jesus handlar ikkje om sterk eller svak tru, overtydd tru eller kjempande tru. Spørsmålet er kven ein vender seg til. Hos alle som får oppleve Jesu gudsrikehandlingar skjer det fordi dei vender seg til *han* – med sterk eller vaklande tru. Det store problemet for mange var at dei vende seg bort frå Jesus – fordi dei ikkje hadde tru på han. Dei hadde også ei tru – ei tru på Gud – men ei tru som gjorde at dei vende seg imot Jesus.

Det må vere ei viktig oppgåve for oss i dag å utfordre til å tru på Jesus, og gje menneske gode grunner for det!

Jesus, Guds rike og heidningefolka

Sidan Galilea, området der Kapernaum ligg, ikkje låg direkte under romarane, må offiseren Jesus møte, ha vore i teneste under landsfyrsten Herodes Antipas. Lukas fortel (kap 7) om offiseren at det var ein mann som hadde eit godt tilhøve til jødane, sette den jødiske trua høgt og hadde bygd synagogen i byen. Men han var altså ikkje sjølv jøde.

Mellom jødar og heidningefolka var der frå jødisk side eit skarpt skilje. Det var sjølvsagt at lovnadene frå profetane var særreige for jødane sjølv. Og om ein som jøde gjekk inn i huset til ein ikkje-jøde, vart ein urein og måtte reinsast.

Legg då merke til at Jesus straks offiseren fortel om tenesteguten, set seg ut over begge desse oppfatningane. Det er ikkje først då offiseren har sagt Jesus ikkje treng kome inn i huset, at Jesus seier han vil kome og lækje (v.7). Kven tenesteguten er, veit vi ikkje, men Jesus gjev gudsrikegåva i huset til ein ikkje-jøde.

Kvifor Jesus andre gonger kan seie at han ikkje var send til andre enn dei bortkomne sauene i Israels hus, er vanskeleg å forstå heilt ut. Men nøkkelen er truleg å finne t.d. i orda hans på tempelplassen berre dagar før han vart dømd og krossfest (Joh 12,23): «Timen er komen ...» Ved hans død og oppstode var eit oppdrag fullført, og alt var lagt til rette for at ordet om ein open veg til gudsriket kunne forkynnast for både jødar og heidningefolk. Men alt ved hendinga i Kapernaum gjev Jesus signal om det som seinare skulle bli heilt eintydig: At gudsriket og gudsrikegåvene også er meint for alle heidningefolka.

Men som vi skal sjå i dei neste avsnitta: Gudsriket er knytt til Jesus, - det er Jesus som er sendt frå

Gud for å opne vegen til gudsriket for oss. Og vår veg til gudsriket er knytt til den plass vi gjev Jesus, anten vi er av jødisk ætt eller høyrer til andre folkeslag.

Guds rike

I sin bok «Jesus - hva ville han? hvem var han?» (Luther Forlag 2008) er Hans Kvalbein svært tydeleg på at Guds rike framfor alt er noko som kjem, ein stad som vi kan kome til, gå inn i og vere i og som er fylt av gudsrikekvalitetar (jfr t.d. s. 102, pkt 4.3 Konklusjon). Slik må vi også sjå for oss det Jesus seier om dei som skal sitje til bords med Abraham, Isak og Jakob. Her seier han at menneske av mange folkeslag («frå aust og frå vest») skal finne plass i himmelriket, mens «borna av riket» blir kasta utanfor. Dette blir sagt i direkte tilknytning til det Jesus seier om trua til offiseren og mangelen på tru «i Israel». Tydelegare kan det ikkje seiast at det avgjerande for å få sitje til bords med Abraham, Isak og Jakob i himmelriket, er om ein har tru på Jesus. Og det gjeld anten ein er av det jødiske folket eller av anna slekt.

Jesus, Guds rike og jødefolket

Jødefolket er eit folk Gud har valt seg ut, forma og teke seg av på en særlig måte. Som utvalt folk har dei ein nøkkelfunksjon i Guds kommunikasjon og openberring av kven han er og kva han gjer og kva frelsesplanar han har. Ja, ikkje berre vere ein tenar for kommunikasjon, men sjølv arenaen for det Gud gjer og har gjort for å opne Gudsriket for oss. Dette toppar seg i Jesus, slik vi les i Hebr 1,1-2. Mange har også tolka det slik at dette tok slutt med Jesus. Mellom anna har slike ord som det Jesus her seier om «borna av riket», blitt tolka til at Gud alt frå Jesu tid skulle ha forkasta folket fordi dei som folk ikkje trudde han.

Der er ingenting i dei heilage skriftene som gjev grunn for slike konklusjonar. Kva oppgåver og funksjonar Gud har for dette folket inn i framtida, er ikkje kjent for oss. Paulus kallar det ein løyndom (Rom 11,25). Men det Jesus seier til sine jødiske tilhøyrarar, det er at der er ikkje annan veg inn i Gudsriket for dei som er serskilt utvalde, enn der er for alle andre. Og den vegen Jesus opna for alle folk på jorda, den gjeld også for dei som har vore Guds serskilte reiskap på jorda. Difor må ordet om Jesus og Guds rike forkynnast for alle menneske anten ein tilhøyrer det jødiske folket, eller er av andre folk på jorda.

Knut Fredrik Sørheim

Pensjonert prest. Fritidsarbeidar og krinsstyreleiar for Bergen krins av DNI.

knutfsorheim@gmail.com